

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i advent – 6. desember 2015

Preiketekst: Joh 16,21–24

Lesetekst I: Jes 2,1–5

Lesetekst II: Hebr 10,35–39

Forventningstid – til glede?

2. søndag i advent

2. søndag i advent – berre i overkant av to veker til jul. Ei tid der alt skal skje som høyrer til i tida fram mot jul. Ei tid med forventning som peiker mot glede! Og mange vil oppleve nettopp glede – knytt til førebuing, fellesskap, stemning ... Men ikkje alle. Det er også ei tid med auka kjensle av krav, koma til kort, angst, svik – og djupe sagn. Og kva med alle dei tusener som har kome hit som flyktningar siste året? Fann dei den fridomen og gleda som dei drøymde om – og som preger forventningane våre denne tida?

Dette er litt av ramma og perspektivet som vil omgje dei som er samla under søndagsteksten denne søndagen og møter Jesu ord om sorg og om glede. Men ei ramme og eit perspektiv som har lite til felles med det som kyrkjeleg sett er tenkt som tema og perspektiv på 2. søndag i advent.

I 'Dagens bøn' for gudstenesta finn vi denne formuleringa: 'Styrk oss i trua på dine lovnader, så vi kan leva og døy i vona om ein ny himmel og ei ny jord.' Og Olav Skjeveslands skriv i 'Ordet i første rekke' (Luther Forlag 1986/1987): 'Budskapet på 2. søndag i advent er at Gud har satt et mål for historieløpet. Det nås ikke ved en langsom utvikling og foredling av denne verden, men ved Guds egen maktfulle handling, idet han lar sin Sønn åpenbares i velde for all verden. Vi er ikke overlatt alene – som på et sårbart romskip i sjanseløs seilas mot kosmisk havari. Gud, som sto ved historieløpets begynnelse, skal også stå ved historiens slutt punkt.'

Dagen og teksten

Kva samanheng er der så mellom tekst og tema for dagen? – og kva svar gjev teksten på dei utfordringar og perspektiv som opptek oss i denne førjulstida?

Ved første augnekast kan det sjå ut som den gjev lite svar på både det eine og det andre. Teksten set oss tilbake til ein situasjon som i utgangspunktet handlar om noko heilt anna - at Jesus førebur læresveinane på at han skal døy og ved sin død kjem til å gje dei stor sorg. Men at dette likevel ikkje er det siste. Han skal sjå dei att, og sorga skal bli vend til glede.

Som ei kvinne si glede når ho har fødd

Som bilde bruker Jesus erfaringa til kvinna som føder sitt barn. Tida før fødselen kan vere fylt av uro og kanskje angst med tanke på kva ho må gjennom, og kva som kan skjer med barnet. Fødselen er som regel fylt av store smerter – men – når barnet er fødd, og alt har gått bra, då er alt dette borte, og alt er fylt av uendeleg glede over barnet og det nye livet som er sett til verda.

Gjennom smerte til glede?

Kva er det Jesus vil fortelje med bildet av den fødande kvinna? Er ynsket hans å gje læresveinane ei generell oppmuntring til aldri å gje opp, sjølv om det akkurat no kan sjå mørkt og tungt ut? Det er nok mange som kunne ha trong for ei slik oppmuntring. Den fødande kvinna er heller ikkje den einaste som kunne vitne om slike erfaringar. I alt kavet fram mot jul ville der kanskje vere fleire en ei(n) som ville setje pris på å få hjelp til å løfte blikket og sjå at lysare og rolegare tider vil kome. Men det kan også hende at der er tilhøyrarar som ikkje utan vidare kan rekne med at med tida kjem lys og glede. Menneske som slit med livet, der tunge tider blir avløyst av nye vanskar. Menneske som treng støtte og hjelp - meir enn enkel livsfilosofi.

Oppstode og glede – framtid og håp

Så var også Jesu poeng noko langt meir enn oppmuntring til optimisme: Han skulle sjå dei att! Han skulle døy, men sjå dei att – og dei skulle sjå han (v.16). Grunnlaget for gleda som skal følgje etter sorga, er heilt konkret: Hans oppstode og siger over døden.

Med bildet av kvinna som føder, har Jesus sagt meir enn å førebu på sorg og gje løfte om glede. Han har for det første gjeve signal om at dette var noko som *måtte* skje, noko heilt uunngåeleg, akkurat som fødselen er uunngåeleg for ei gravid kvinne, og nødvendig for å nå fram til gleda ved barnet. Slik var Jesus også tydeleg på at hans død var nødvendig og uunngåeleg – m.a. tydeleg uttrykt då Filip kom og fortalde at nokre grekarar ønskte å få møte han: 'No er sjela mi fylt av angst. Men skal eg så seia: Far, frels meg frå denne timen? Nei, til denne timen skulle eg koma.' Joh 12,23-27

Og i same avsnittet finn vi også det andre poenget Jesus får fram ved bildet av kvinna som føder: 'Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.' Målet med Jesu død er å skape nytt liv! Akkurat som barnet kvinna føder. Og gleda ved å sjå han att, er ikkje berre ei glede over at Jesus ikkje var tapt, men gleda som sprenger all smerte, sorg og tap – gleda over sigeren han har vunne for oss alle ved å overvinne døden. Ei glede som kan bli til trøyst og styrke sjølv for den som går frå smerte til smerte, frå nederlag til nederlag i livet – slik det t.d. kjem sterkt til uttrykk i mange av dei kjende negro spirituals frå slaveritida.

I Jesu namn

Umiddelbart kan det virke som siste del av teksten (v.23f) har liten samanheng med bildet av kvinna som føder, utover det felles temaet glede. Eg medgir også at orda av Jesus om å be, og som antyder løfte om å få nærast kva det skulle vere, ikkje er så enkle å forhalde seg til. Eg er heller ikkje sikker på at det er dette som er sjølv saka i det Jesus seier i desse setningane om å spørje og å be.

Eg trur vi må sjå for oss samanhengen som dette er sagt i. Jesus, læresveinane og folket sto i ein tradisjon der det var krevjande å be rett – med krav til bøna si form og krav til moralsk standard til den som skulle ha håp om å bli bønheyrde – jfr læresveinane si oppmoding til Jesus: 'Lær oss å be.' Luk 11,1 - og Jesu ord om sann bøn: 'Når de bed, så gjer ikkje som hyklarane. Dei elsker å stå i synagogane og på gatehjørna og be, så folk kan sjå det ... Når de bed, skal de ikkje ramsa opp ord som heidningane; for dei trur dei blir bønheyrde berre dei bruker mange ord.' (Matt 6,5.7) Dette handla ikkje berre om bøn og bønheyring, men om sjølv relasjonen mellom Gud og det enkelte mennesket.

Med Jesu død og oppstode har der skjedd noko heilt nytt! Det er ikkje former og moralsk og religiøs standard som avgjer. Jesus har lagt eit heilt nytt grunnlag for vår relasjon til Gud. Med si soning av all synd og misgjerning er han sjølv dette grunnlaget. Dette er også det nye som gjer at Jesus kan seie til dei: 'Den dagen skal de ikkje spørja meg om noko. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Bed de Far om noko, skal han gje dykk det i mitt namn. Til no har de ikkje bede om noko i mitt namn. Be, så skal de få, slik at gleda dykkar kan vera fullkomen.' For Jesu skuld – i hans namn – kan vi be Gud sjølv om kva vi vil, og rekne med å bli heyrde. Og for Jesu skuld kan vi rekne med at alt blir heyrde og alle svar blir gjevne omfamna av Guds kjærleik og nåde. Større glede enn å leve

under eit slikt løfte og ei slik frimodig tillit til Gud, kan ein vel knapt ha.

Jødisk ortodoksi og Messias

Slike tankar står svært langt frå tradisjonelle førestellingar om Messias innan jødisk ortodoksi / jødedom. Gjennom alle århundrar har forventninga om at Gud skal senda ein Messias stått sentralt i den jødiske trua og i bønene deira. Han blir venta som eit heilt spesielt menneske, men ikkje ein guddommeleg person, og har ikkje noko med soning og oppgjer for synd å gjere. Han har si oppgåve i å fri folket frå all undertrykking og sørge for at dei kan samlast i fred med Jerusalem som sentrum. Slik er også den vanlegaste forventninga til Messias innan jødedom i dag.

Når då øvstepresten under forhøyret spurte Jesus: 'Er du Messias, Guds Son?' og Jesus svara 'Du seier det sjølv' (Matt 26,63f), er dette eit ganske anna bilete av Messias og kva hans oppgåve er. Og dette fører oss tilbake til 2.søndag i advent.

Ny himmel og ny jord

I dagens bøn ber vi: 'Styrk oss i trua på dine lovnader, så vi kan leva og døy i vona om ein ny himmel og ei ny jord.' Gleda Jesus varsla, er ikkje berre ei glede over at han overvann døden. Det er heller ikkje ei glede berre over at han vart fødd som eit menneske på jorda, fødd som eit barn, som ein av oss – jula si store glede. Den største gleda er vissa om at Jesus ved sin siger opna veg til ei ny verd, eit nytt liv – ein ny himmel og ei ny jord. Og ein dag vil han som den levande og sigrande Messias stå fram og gjere dette til noko verkeleg, då alle sorger og all fortviling skal bli vendt til uendeleg glede.

2.søndag i advent legg til rette for å oppmuntre til å sjå denne samanhengen mellom jul, påske og fullending. Til å sjå og rekne med at sjølv med dei mørkaste livserfaringar, vil Jesus og trua på han ein dag føre oss til den største gleda. Og gjennom alle dagar som vi må gå, fram mot den dagen, vil han gå med oss, og vi kan gå fram for den heilage Gud med alle våre bønner i Jesu namn og vere trygge på at han høyrer og ser.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyreleiar for Bergen krins av DNI.

knutfsorheim@gmail.com